

Solfrid Wallem
Hetlevikåsen 20
5173 LODDEFJORD

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/15939 - 21/21908

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
30.03.2021

Melding om vedtak i Utval for areal, plan og miljø - gbnr 443/47 Toska

Tiltak: garasje
Byggjestad: Gbnr: 443/47
Tiltakshavar: Solfrid Wallem
Ansvarleg søker:

Klage på avslag på søknad om dispensasjon og søknad om oppføring av garasje - gbnr 443/47 Toska vart handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte den 24.03.2021 i sak 20/15939 med saknr. 057/21, der følgjande vedtak vart fatta:

«APM- 057/21 Vedtak:

Med heimel i pbl § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå arealføremålet LNF og pbl § 1-8 for oppføring av garasje, samt heimel i pbl § 20-2, jfr § 20-1 bokstav a) jfr § 1-6 andre ledd, vert det gjeve løyve for oppføring av garasje.

Grunngjeving: Arealet er tidlegare blitt gitt positivt vedtak der søknaden gjalt deling av eit 120m² stort areal der formålet er parkering/garasje,

Bygningen skal nyttast til oppbevaring og lagring av utstyr som mellom anna båthengar, kajakker, teiner, samt småbåtar og hagemøbler om vinteren. Tiltaket vil ikkje setje omsynet til landbruket vesentleg til side. Tiltaket vil ikkje koma i konflikt med landbruksdrifta og dei interessene som er knytt til det, heller ikkje komme i konflikt med naturmangfaldslova.

Området har ingen attraktiv strandsone for bruk til friluftsliv for ålmenta. Næraste sjøfront er ei langgrunn evjefjøre som ikkje er eigna og heller ikkje vert nytta til fruktstliv. For ålmenta som ynskjer å bruke området, vil ikkje tilkomsten verte tilsidesatt.

Området er eit etablert naust og hyttemiljø, det vil ikkje føra til auka fortetting eller auka privatisering. Bygningen vil ligge lågt i terreng, plassert i bakkant av tomten, inntil ein fjellknaus og med lengst mogeleg avstand til sjøkanten. Det vil såleis kjkje ha eit dominerande yttrykk. APM-utvalet kan difor ikkje sjå at friluft-og strandsonevernet vert vesentleg satt til side. Etter ei samla vurdering ser APM-utvalet at fordelane ved å gje dispensasjon er klart større enn ulempene.»

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Siril Therese Sylta
Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på avslag på søknad om dispensasjon og søknad om oppføring av garasje - gbnr 443/47 Toska
Klage på vedtak - Søknad om dispensasjon og løyve til oppføring av garasje - gbnr 443/47 Toska
Avslag på søknad om dispensasjon og løyve til oppføring av garasje - gbnr 443/47 Toska
Uttale - gbnr 443/47 Toska - garasje oppføring - dispensasjon
Høyringsuttale frå landbruksavdelinga GBNR 443/47 Toska - oppføring av garasje
Søknad om løyve til tiltak - gbnr 443/47 Toska
fasadetegning
Plan og snitt tegning
Oversiktsbilde
Utnyttelsesgrad
situasjonskart
Dispensasjonssøknad
Løyve til arealoverføring med dispensasjon gbnr 44320 Toska
Kart/foto til saksframlegg - gbnr 443/47 Toska

Kopi til:

Solfrid Wallem Hetlevikåsen 20 5173 LODDEFJORD

Mottakarar:

Solfrid Wallem Hetlevikåsen 20 5173 LODDEFJORD